

**Utval:** **Hordaland fagskulestyre**  
**Møtestad:** Stadsporten 8. etg, Wigandgården  
**Dato:** 24.03.2015  
**Tidspunkt:** 10:00 – 10:45

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Navn                    | Funksjon  | Representerer |
|-------------------------|-----------|---------------|
| Roald Stenseide         | Leiar     | FRP           |
| Toralf Mikkelsen        | Medlem    | A             |
| Anette Dybvik           | Medlem    | H             |
| Aslaug Hellesøy         | Nestleiar | KRF           |
| Thomas Mjelde Østervold | Medlem    | STUD          |
| Signe Olga Gangsøy      | Medlem    | TILSETT       |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

| Navn                     | Funksjon | Representerer |
|--------------------------|----------|---------------|
| Alexander Fosse Andersen | Medlem   | SP            |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Navn          | Møtte for                | Representerer |
|---------------|--------------------------|---------------|
| Bjørnar Hamre | Alexander Fosse Andersen | V             |

**Merknader**

Følgjande fagskular var representert:

Bergen maritime fagskole v/Anne S. de Lange  
Bergen tekniske fagskole v/Reidar Bøen

**Frå administrasjonen møtte:**

| Navn             | Stilling            |
|------------------|---------------------|
| Linda Farestveit | Seksjonsleiar skule |
| Adeline Landro   | Rådgjevar           |
| Øydis R. Ziem    | Styresekretær       |

**Sakliste**

| <b>Utvals-<br/>saknr</b> | <b>Innhald</b>  | <b>Arkiv-<br/>saknr</b> | <b>U.Off.</b> |
|--------------------------|---|-------------------------|---------------|
| PS 11/15                 | Godkjenning av møteinnkalling og saksliste                                      |                         |               |
| PS 12/15                 | Godkjenning møtebok forrige møte  |                         |               |
| PS 13/15                 | Referatsaker (Meldingar)  |                         |               |
| RS 2/15                  | Vedtak om godkjenning av vesentleg endring - spesialreinhald og sterilforsyning | 2014/2                  |               |
| PS 14/15                 | Høyringsfråsegn - NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg          | 2014/2                  |               |
| PS 15/15                 | Oppretting av eit fjerde kull på Stord under Bergen tekniske fagskole           | 2014/2                  |               |
| PS 16/15                 | Investeringsbehovet ved teknisk og maritime fagskule                            | 2014/2                  |               |
| PS 17/15                 | Ymse  |                         |               |

## **PS 11/15 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.03.2015**

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 12/15 Godkjenning møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.03.2015**

### **Vedtak**

Møtebok frå styremøte 27.januar 2015 vart samrøystes godkjent.

## **PS 13/15 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.03.2015**

### **Vedtak**

Melding RS 2/15 vart teken til orientering.

**RS 2/15 Vedtak om godkjenning av vesentleg endring - spesialreinhald og sterilforsyning**

## **PS 14/15 Høyringsfråsegn - NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg**

### **Forslag til vedtak**

Hordaland fagskulestyre gjev høyringsfråsegn til *NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg* slik det går fram av denne saka.

### **Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.03.2015**

Styreleiar **Roald Stenseide** sette på vegner av styret fram følgjande forslag:

«Hordaland fagskulestyre vil påpeike at mange av tiltaka som kjem fram i høyringa har Fagskolen i Hordaland iverksett. Fagskulestyret i Hordaland er av den oppfatning at dei økonomiske rammevilkåra til fagskulane er heilt avgjerande om fagskulane skal vere i stand til å gi gode tilbod for å imøtekome arbeidslivet sitt kompetansebehov.

Fagskulestyret støttar saksframlegget til innstilling, og Opplærings- og helseutvalet sitt tilleggspunkt:

«HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for fylkeskommunen si organisering av fagskulen. Det er viktig at fagskulen må sjåast i eit større perspektiv og må ligge under eit regionalt nivå. Så lenge Norge har ein 3-nivå-modell bør fagskulen vere tilknytta regional eining.»

### **Røysting**

Stenseide sitt forslag vart samråystes vedteke saman med administrasjonen sitt forslag.

### **Vedtak**

Hordaland fagskulestyre gjev høyringsfråsegn til *NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg* slik det går fram av denne saka.

Hordaland fagskulestyre vil påpeike at mange av tiltaka som kjem fram i høyringa har Fagskolen i Hordaland iverksett. Fagskulestyret i Hordaland er av den oppfatning at dei økonomiske rammevilkåra til fagskulane er heilt avgjerande om fagskulane skal vere i stand til å gi gode tilbod for å imøtekome arbeidslivet sitt kompetansebehov.

Fagskulestyret støttar saksframlegget til innstilling, og Opplærings- og helseutvalet sitt tilleggspunkt:

«HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for fylkeskommunen si organisering av fagskulen. Det er viktig at fagskulen må sjåast i eit større perspektiv og må ligge under eit regionalt nivå. Så lenge Norge har ein 3-nivå-modell bør fagskulen vere tilknytta regional eining.»

## **PS 15/15 Opprettning av eit fjerde kull på Stord under Bergen tekniske fagskole**

### **Forslag til vedtak**

Hordaland fagskulestyre vedtek å opprette eit fjerde kull med minimum 20 studentar på Stord under Bergen tekniske fagskole. Det er ein føresetnad at tilboden vert finansiert med 4,6 millionar kroner utanfor ramma for Fagskolane i Hordaland.

### **Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.03.2015**

Styremedlem **Toralv Mikkelsen** sette på vegner av styret fram følgjande forslag:

«Verksemndene i Sunnhordland må også bidra i finansieringa med kr. 400.000,-.»

### **Røysting**

Administrasjonen sitt forslag vart samråystes vedteke saman med Mikkelsen sitt forslag.

## Vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek å opprette eit fjerde kull med minimum 20 studentar på Stord under Bergen tekniske fagskole. Det er ein føresetnad at tilbodet vert finansiert med 4,6 millionar kroner utanfor ramma for Fagskolane i Hordaland. Verksemidene i Sunnhordland må også bidra i finansieringa med kr. 400.000,-.

## PS 16/15 Investeringsbehovet ved teknisk og maritime fagskule

Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole har eit stort investeringsbehov som hovudsakleg er knytt til undervisningsutstyr og inventar i samband med flytting til nytt bygg. Dei maritime og tekniske fagskuleutdanningane er utstyrstunge, og det er høge krav til å ha riktig og oppdatert utstyr, både for å imøtekome krav frå sentrale myndigheter, og for å imøtekome næringa sitt kompetansebehov.

### Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre tilrår at Opplæringsavdelinga handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Opplærings- og helseutvalet i høve fordeling av investerings- og fondsmidlar i 2015:

| Skule                    | Ustyr   | Omtale  | Kostnad             |
|--------------------------|---|---|---------------------|
| Bergen tekniske fagskole | Inventar og utstyr til Haugeveien og Margaretastredet             | Inventar og utstyr hovudsakleg til kantine, kontor og klasserom.                      | 1 500 000,-         |
| Bergen tekniske fagskole | Simulerings- og laboratorieutstyr                                 | Ustyr som er felles for alle utdanningane.  | 6 326 000,-         |
| Bergen maritime fagskole | Oppgradering av Trykk kontrollsimulator - CS                      | Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert. | 1 382 715,-         |
| Bergen maritime fagskole | Høgspentsimulator   | Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.   | 1 400 000,-         |
| Bergen maritime fagskole | Visuelle kanalar til ECDIS lab                                    | Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.   | 1 120 000,-         |
| Bergen maritime fagskole | Oppgradering av Engine simulator MC 90 versjon 3 til K-sim Engine | Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert. | 3 470 000,-         |
| <b>Sum</b>               |   |   | <b>15 198 715,-</b> |

## Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.03.2015

Styreleiar **Roald Stenseide** sette på vegner av styret:fram følgjande forslag til nytt punkt:

«Fagskulestyret har merka seg at Bergen tekniske fagskole har eit investeringsbehov på over 18 millionar og Bergen maritime fagskole på vel 14,5 millionar. Fagskulestyret er uroa over at det framleis vil vere eit stort investeringsbehov sjølv etter innstillinga frå fagskulestyret til opplærings- og helseutvalet. Fagskulestyret ber om at restinvestering blir følgd opp i budsjett 2016, og at skulane sjølv kan få omprioritera midlar innanfor bevilga beløp om dei finn det føremålstenleg. Dette for å sjå på investeringar over 2 år.»

## Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samråystes vedteke saman med Stenseide sitt forslag.

## Vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tilrår at Opplæringsavdelinga handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Opplærings- og helseutvalet i høve fordeling av investerings- og fondsmidlar i 2015:

| Skule                    | Ustyr   | Omtale   | Kostnad     |
|--------------------------|---|--|-------------|
| Bergen tekniske fagskole | Inventar og utstyr til Haugeveien og Margaretastredet | Inventar og utstyr hovudsakleg til kantine, kontor og klasserom. | 1 500 000,- |

|                          |   |   |                     |
|--------------------------|---|---|---------------------|
| Bergen tekniske fagskole | Simulerings- og laboratorieutstyr                                 | Ustyr som er felles for alle utdanningane.  | 6 326 000,-         |
| Bergen maritime fagskole | Oppgradering av Trykk kontrollsimulator - CS                      | Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert. | 1 382 715,-         |
| Bergen maritime fagskole | Høgspentsimulator   | Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.   | 1 400 000,-         |
| Bergen maritime fagskole | Visuelle kanalar til ECDIS lab                                    | Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.   | 1 120 000,-         |
| Bergen maritime fagskole | Oppgradering av Engine simulator MC 90 versjon 3 til K-sim Engine | Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert. | 3 470 000,-         |
| <b>Sum</b>               |   |   | <b>15 198 715,-</b> |

2. Fagskulestyret har merka seg at Bergen tekniske fagskole har eit investeringsbehov på over 18 millionar og Bergen maritime fagskole på vel 14,5 millionar. Fagskulestyret er uroa over at det framleis vil vere eit stort investeringsbehov sjølv etter innstillinga frå fagskulestyret til opplæring- og helseutvalet. Fagskulestyret ber om at restinvestering blir følgd opp i budsjett 2016, og at skulane sjølv kan få omprioritera midlar innanfor bevilga beløp om dei finn det føremålstenleg. Dette for å sjå på investeringar over 2 år.»

## **PS 17/15 Ymse**

### **Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.03.2015**

#### **Vedk. maritim utdanning.**

Rektor v/Bergen maritime fagskole utarbeider eit notat med forslag til ulike tiltak med sikte på å betra rekrutteringa til maritim utdanning. Forslaget vert lagt fram for styret til drøfting på neste styremøte.

#### **Vedk. medlemskap for fagskulestudentar i Studentsamskipnaden i Bergen (SIB).**

Styret ber administrasjonen om å utarbeida ny søknad om medlemskap i SIB for fagskulestudentane til neste styremøte.

#### **Vedk. prosess og arbeid med nytt bygg for fagskulen.**

Styreleiar orienterte om status i saka.